Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 19.03.2012


Markvard Sunde
Revisjonssjef

Sar 22-13

008/13: KJØP AV SEKRETARIATSTENESTER I OVERGANGSPERIODE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 05.07.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Styret	10.07.2013	008/13	-	Ja

Saksvedlegg:

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Vedtekter for SEKOM-sekretariat, datert 26.10.2010.

Tilråding frå sekretariat til styret:

- Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å kjøpe tenester frå Vest kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen innafor budsjetttråmene til SEKOM-sekretariat.
- SEKOM-sekretariat orienterar kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord om korleis SEKOM-sekretariat vil løyse kapasitets utfordring i overgangsperioden til ny rådgjevar er på plass.

STYRET SITT VEDTAK

- Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å kjøpe tenester frå Vest kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen innafor budsjetttråmene til SEKOM-sekretariat.
- SEKOM-sekretariat orienterar kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord om korleis SEKOM-sekretariat vil løyse kapasitets utfordring i overgangsperioden til ny rådgjevar er på plass.

KJØP AV SEKRETARIATSTENESTER I OVERGANGSPERIODE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

I perioden frå Asgeir Tveit sin sluttdato og fram til ny rådgjevar har vore gjennom opplæring, vil det vere redusert kapasitet i sekretariatet. Den reduserte kapasiteten må erstattast i denne perioden.

Saksopplysningar:

Asgeir Tveit sluttar i stilling som rådgjevar i SEKOM-sekretariat den 05.08.2013. I perioden fram til ny rådgjevar tek til i jobben og fram til han har vore gjennom opplæring, vil det vere redusert kapasitet i sekretariatet til å yte tenester til kontrollutvala i alle 15 kommunane i samarbeidet. Den reduserte kapasiteten må erstattast for å kunne gje kontrollutvala dei tenestene dei har rett på.

Sekretariatet har vore i kontakt med mest nærliggande kontrollutvalssekretariata for å høyre med dei om dei kan hjelpe oss med kapasitet i denne perioden.

Både Vest kontrollutvalssekretariat (Sekretariat på søre Sunnmøre og to kommunar i Nordfjord) og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen har stilt seg positive til å hjelpe i perioden fram til ny rådgjevar er i fullt operativ.

Kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord bør orienterast om korleis vi vil løyse utfordringa med kapasitet i denne perioden.

Sekretariatet sine vurderingar:

020/13 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	16.09.2011	020/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsrapport: "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», datert 07.juni.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 20/11
- RSK001.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Det vert vist til revisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», datert 07.juni.2013.
2. Tilrådingane i rapporten vert tekne til følgje.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport ” Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ”.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

”Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon). ”

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

”Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. ”

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for vidare arbeid med Plan for forvaltningsrevisjon og val av prosjekt for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 06.11.2009 vart det i sak 04/11 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – val av prosjekt» vedteke at ein skal gjennomføre følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt: ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren.”

I kontrollutvalsmøte 16.11.2011 vart tingingsdokument for prosjektet vedteke. Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet er no levert. Rapporten er datert 07. juni 2013.

KRYSS-revisjon har gjeve følgjande tilrådingar i rapporten:

- *Vi rår kommune til å gjere ein gjennomgang av interntenestene i sjølvkostrekneskapen med målsetting om å lage etterprøvbare fordelingsnøklar meir i samsvar med tilrådingane i H-2140.*
- *Fjaler kommune må opprette sjølvkostfond for dei tenester som vert omfatta av sjølvkostreglane.*
- *Vi rår administrasjonen å legge til forseinkingsrenter på purringar i tråd med økonomireglementet punkt 8.3.2.*
Vi rår administrasjonen til å etterleve økonomireglementet punkt 8.3.1. som seier at kommunale gebyr har betalingsfrist på 20 dagar frå fakturadato.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Administrasjonssjefen har gjort dette, og tilbakemeldinga hans er innarbeidd i rapporten.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann er kalla inn til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. "Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."

**KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON**

Dato: 12-6-2013 Off:
Sak nr. 15/2013 Regnr:
Arkiv:
Avd.kode: 216
Sakshandsamar: E.B.

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Fjaler Kommune

”Sjølvkostberekninger på VAR-sektoren «

Endeleg rapport levert den: 7. juni 2013

INNHALD

1	Samandrag av rapporten.....	3
2	INNLEIING.....	4
	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:.....	4
3	KVA FORVALTNINGSREVISJON ER	4
	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	4
	KRYSS- Revisjon	5
4	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	5
	Tingingsdokumentet frå SEKOM	5
	4.1.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følge tingingsdokumentet	5
	4.1.2 Presisering av vår oppdragsforståing	5
	Revisjonen sin vurdering av tingingsdokumentet	5
	4.1.3 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillingane	5
5	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	6
	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	6
	Revisjonskjelder- og kriterium i dette prosjektet	6
	5.1.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten.....	7
6	METODE	8
7	Administrativ organisering	8
	6.1 Budsjettansvar.	8
8	PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	8
	7.1 Presisering	8
	8.1.1 Fakta: Dokumentasjonen frå kommunen.	9
	8.1.2 Tilleggsytningar og støttefunksjonar også kalla interntjenester jf H - 2140	9
	7.2 Vurderingar og konklusjonar	10
9	PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	10
	8.1 Fakta	10
	8.2 Vurderingar og konklusjonar	11
10	PROBLEMSTILLING 3: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	12
	9.1 Fakta	12
11	PROBLEMSTILLING 4: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	12
	11.1.1	12
	11.1.2 Metodisk tilnærming	12
	11.1.3 Relevante rutinar henta frå økonomireglementet	12
	11.1.4 Utsending av rekningar	12
	10.2 Vurdering og konklusjonar	13
12	RÅDMANNEN SiNE KOMMENTARAR TIL RAPPORTEN.....	15
13	Kjelder.....	15
14	UPUBLISERTE VEDLEGG:	15

1 SAMANDRAG AV RAPPORTEN

I denne forvaltningsrevisjonen har vi handsama og undersøkt fire problemstillingar som skildra i tingsdokumentet frå kontrollutvalet i Fjaler kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i form av dokumentanalyse og meir uformelle samtalar med økonomisjef og teknisk sjef.

På problemstilling 1 som gjeld spørsmålet om fordelingsnøklar nytta til fordeling av indirekte kostnader er i samsvar med tilrådingar eller norm har vi gjort desse funna:

Fjaler kommune nyttar skjønn som grunnlag i fordelinga av henførbare interntenester. Det er ikkje framlagt etterprovbare fordelingsnøklar som dokumentasjon på nytta skjønnsfordeling.

Vårt andre funn er at administrative kostnader knytt til grunnlaga for fakturering og drift utført av tilsette på teknisk kontor vert utgiftsført etter medgått tid. Desse kostandane er soleis etterprovbare.

Vår undersøking syner at Fjaler kommune istor grad baserer seg på skjønn som fordelingsnøkkel på interne kostandar i sjølvkostrekneskapen. Vi meiner at skjønn åleine ikkje tilfredsstillar krava stilt i dokumentet *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester – H 2140*. Vi har difor tilrådd at administrasjonen tar ein gjennomgang av interntenestene i sjølvkostrekneskapen med målsetting om å lage etterprovbare fordelingsnøklar meir i samsvar med tilrådingane i H – 2140.

Problemstilling to er spørsmålet om mindreforbruk vert overført bundne fond og om eventuelle fondsmidlar vert nytta innan gjeldande tidsfristar.

I vår analyse av rekneskapsdata har vi gjort desse funna: Fjaler kommune har ikkje pr 2012 oppretta eigne tenestespesifikke sjølvkostfond for vatn og avlaup. Reint faktisk indikerar det at kommunen ikkje kan dokumentere at tenestene vatn og kloakk kvar for seg er korrekt prisa i høve kundane. I høve forureiningsforskrifta § 16-1 første ledd er ein slik praktisering av sjølvkostreglane feil.

Avsetning til og bruk av dei sektorspesifikke sjølvkostfonda er ein føresetnad for over tid sjå til at innbyggjarane betalar rett pris for vassleveransane og avlaupstenestene sine. Når dette ikkje er gjort, er det uoversiktleg å finne ut om den einskilde teneste har vore korrekt prisa når ein ser meir på meir enn inneverande rekneskapsår. Vi rår difor kommunen til å opprette sjølvkostfond for dei tenester som vert omfatta av sjølvkostreglane. I attendemeldinga frå rådmannen på høyringsutkastet går det fram at kommunen no i 2013 har føreteke denne splittinga av fondet. Vi gjer merksam på at vi ikkje har gjort revisjonshandlingar på denne splittinga. Det vil bli gjort seinare i år av rekneskapsrevisjonen. Vi kan soleis pr no ikkje uttale oss om IB¹ på dei nyoppretta sjølvkostfonda.

Det er elles samsvar mellom IB og UB på sjølvkostfondet. Det syner at all tilgang og avgang på fondet er korrekt. Vi har her basert vårt arbeid på rekneskapsrevisjonen sine arbeidspapir og konklusjonar på området.

I problemstillinga som omhandlar spørsmålet om det er eigne særtariffar for personar eller verksemder i Fjaler kommune, er det korte svaret frå administrasjonen nei.

Siste problemstilling vi har undersøkt er om utfakturering av gebyr vert gjort etter eit fast tidsmønster.

Vi konstaterer at praksis er i samsvar med økonomireglementet. Faktureringa av kommunale avgifter vart gjort to gonger årleg i 2012. I 2013 skal kommunen fakturere kommunale avgifter fire gonger i året. Det vert grunngjeve med reaksjonar frå kundane på høge rekningar når eigedomsskatten vart innført. Kommunen har difor valt å fakturere desse gebyra fire gonger i året.

I forlenginga av denne undersøkinga gjorde vi også ein kontroll på fakturering og innkrevjing på kundar som ikkje betalar rettidig.

I vår kontroll gjorde vi desse funna:

¹ IB er forkortinga av inngåande balanse

Utsending av rekningar/betalingsfrist

Det vert i dei døma vi har kontrollert gjeve ein betalingsfrist på 23 dagar. Faktura syner fakturadato 23.10.12 og forfallsdato 15.11.12. Dette er 3 dagar lenger betalingsfrist enn økonomireglementet punkt 8.3.1 som gjev 20 dagars betalingsfrist.

Purring og tvangsinnfordring

Det er ikkje tillagt forseinkingsrenter eller administrative kostnader på dei debitorane som har vorte purra og som har vorte sendt over til tvangsinnfordring. Det er ikkje i samsvar med økonomireglement punkt 8.3.2.

I og med at vi har gjort desse funna har vi gitt denne tilrådinga:

Vi rår administrasjonen å legge til forseinkingsrenter på purringar i tråd med økonomireglementet punkt 8.3.2.

Vi rår administrasjonen til å etterleve økonomireglementet punkt 8.3.1 som seier at kommunale gebyr har ein betalingsfrist på 20 dagar frå fakturadato.

2 INNLEIING

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 20.01.2010.

Det vert i tinginga synt til at dei styrande organa i Fjaler kommune ynskjer å få kjennskap til: "*Om sjølvkostberekningane på VAR- sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene*".

Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ VAR. Er forkorta av orda Vatn, Avlaup og Renovasjon
- ❖ Indirekte kostnader. Samanslege omgrep som femnar H- 2140 sine omgrep: støttefunksjonar og tilleggsytingar.
- ❖ Alternativkostnad tyder det same som kalkulatoriske renter. Kalkulatoriske renter nyttast i sjølvkostrekneskapen som eit uttrykk for finansiell kostnad.

3 KVA FORVALTNINGSREVISJON ER

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Fjaler kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommuneleva § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleva § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at forvaltningsrevisjon skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla "**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**" nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

KRYSS- Revisjon

KRYSS- Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommunelova § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

Revisorar frå KRYSS- revisjon har i dette prosjektet vore:

Charles Litsheim Rev.sjef forvaltning og kommunerevisor I Aud Marit Nyland Eide.

4 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

Tingingsdokumentet frå SEKOM

4.1.1 Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følgje tingingsdokumentet

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av *tingingsdokumentet*, der det vert synt til at: Revisor skal undersøkje om sjølvkostberekningane på VAR- sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for tenestene og at innbyggjarane i Fjaler kommune då betalar riktig pris for tenestene.

Problemstillingane for forvaltningsprosjektet er gjeve i tingingsdokumentet:

- Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?
- Problemstilling 2: Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld?
- Problemstilling 3: Er evt. særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket?
- Problemstilling 4: Vert utfakturering av gebyra utført etter eit fast tidsmønster?:»

Tidsavgrensing: Kontrollen skal avgrensast til rekneskapstala for 2011, og budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2012.

4.1.2 Presisering av vår oppdragsforståing

Slik vi forstår tinginga frå kontrollutvalet er det ikkje bedt om ei totalvurdering av Fjaler kommune si praktisering av sjølvkostprinsippet. Oppdraget tar for seg konkrete delar av gebyrgrunnlaget og gjev klare føringar på kva som skal reviderast. Vår rapport vil difor ikkje jf tinginga gje ein fullgod gjennomgang av Fjaler kommune si totalpraktisering av reglane og retningslinene styrande for sjølvkosttenestene. Meir presist tyder det at vi ikkje vil gjere revisjonsarbeid som elles vert utført i den ordinære rekneskapsrevisjonen. I vårt arbeid vil vi difor bruke det talmaterialet som er revidert og som på det viset er revisjonsfagleg kvalitetssikra.

Då renovasjonsarbeidet i sin heilskap er overført til eit interkommunalt renovasjonsselskap², går vi ut frå at vi kan direkte nytte rekneskapstala på renovasjon i vårt arbeid. Vi vil følgjeleg då ikkje gjere revisjonsarbeid inn mot SUM.

Revisjonen sin vurdering av tingingsdokumentet

4.1.3 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillingane

Ordlyden i problemstilling 1 er slik:

«Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?

Slik vi forstår tinginga, legg vi til grunn at indirekte kostnader er dei kostnader som ein ikkje finn direkte på rekneskapskontoane for vatn, avlaup og renovasjon i drifta eksklusiv avskrivningar og kalkulatoriske renter

² Sunnfjord miljøverk forkorta SUM

5 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS- Revisjon har nytta anerkjente metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjente metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, punkt 27, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 25 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til*. Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ Desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området, jf RSK 001, pkt 26.

Revisjonskjelder- og kriterium i dette prosjektet

Dei mest relevante rettsreglane innan tenester som vert omfatta av omgrepet sjølvkost er å finne i:

- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974. Utgangspunktet for lova og forskrifta til lova er at brukarane av tenestene (vatn og avlaup) bør bære kostnadane med tenestene. Merk at lova ikkje stiller krav om full kostnadsdekking.
- Forurensingsloven. Innafor avfallsområdet er det satt eit lovmessig krav om at sjølvkost skal danne grunnlaget for brukarbetalinga.
- Plan- og bygningsloven. Lova seier at brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost. Sjå PBL § 109
- Kart- og delingsloven. Brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost, jf Kart- og delingslova § 5-2.
- Brannvernloven. Brannvernlova § 28 seier at brukarbetalinga maksimalt kan dekke sjølvkost innan feietenestene.

Eit sentralt styringsdokument for sjølvkosttenestene er Kommunal- og regionaldepartementet sitt dokument H-2140 ” *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester*”.

I H – 2140 vert omgrepet sjølvkost definert som: ”*Selvkost er den merkostnad kommunen påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.*”

Meirkostnad må forståast som dei kostnader som kommunen har knytt til den samla produksjonen av den aktuelle tenesta. Utgangspunktet for å rekne sjølvkost er då dei kostnader som er tilknytta framstillinga/produksjonen av den aktuelle tenesta. Dei utgiftene /kostnadene kommunen har som kjem uavhengig av produksjonen av den aktuelle tenesta vert ikkje omfatta av omgrepet meirkostnad. Det tyder at sjølvkost er å sjå på som den del av kommunen sine kostnader som samvarierar med storleiken på sjølve tenesta. Og altså IKKJE som ein del av kommunen sine totale utgifter/kostnader. Omgrepet meirkostnad femnar kring årlege driftsutgifter og årlege kapitalkostnader. Retningslinjene for utrekning av sjølvkost utleier ein generell modell der dei direkte utgiftene for å framstille tenesta alltid er relevante i sjølvkostkalkyla, medan indirekte utgifter både kan vere relevante og ikkje – relevante i sjølvkostkalkyla. Om de er relevante eller ikkje, kjem an på om kostnaden det er snakk om kan reknast som ein meirkostnad i forhold til definisjonen av sjølvkost eller ikkje.

Retningslinene syner i så måte ein generell modell der framstillinga av ein kommunal teneste er samansett av ulike funksjonar. I modellen vert framstillinga av ei kommunal sjølvkostteneste inndelt i 3 komponentar. Kjerneproduktet, tilleggsytingane og støttefunksjonane.

Kjerneproduktet er sjølve tenesta ytt. Kostnadane her finn vi registrert i rekneskapen under rett funksjon/teneste.

Tilleggsytingar og støttefunksjonane er aktivitetar som er naudsynt for kommunal drift i det heile. I det ligg det at den del av desse aktivitetane som varierar i omfang direkte relatert til sjølvkosttenesta kan reknast som meirkostnad og dermed vere relatert eller "henførbart" som er omgrepet nytta i retningslinene. Retningslinene nyttar samleomgrepet interntjenester i staden for å skilje mellom støttefunksjonar og tilleggsytingar. I og med at interntjenestene ofte er knytt til framstilling av fleire tenester må det vere eit system i kommunen som fordelar kostnadane på den einskilde tenesta. I retningslinene er foreslått fordeling av desse funksjonane ofte skjønnsprega. Men som det framgår av døma i retningslinene er det ein føremon om fordelingsnøkkelen er etterprovbar i form av objektive kriterier som tal bilag, omsetning, del nytta areal, tal tilsette, stillingsstorleik m v.

I retningslinene vert sjølvkost vidare modellert og konkretisert som døme på korleis ein kan gjere det. Konkretiseringa med både utførande forklaringar og reine døme gjer til at retningslinene vert opplevd som relativt detaljerte.

Vi ser det naturleg å utleie dei spesifikke revisjonskriteriane til dei einskilde spørsmåla direkte frå retningslinene i H – 2140 der dei høver.

Viktig å merke seg er at berre lov om forureining set som vilkår at forureinar skal betale fullt ut for arbeidet med å handtere avfallet. Ingen av dei andre aktuelle lovene har krav om at brukar skal dekke kostnadene med tenesta fullt ut. I desse tenestene er sjølvkost taket på kor store gebyra kan vere. I kva grad ordningane med vass- og kloakkavgift skal vere sjølvfinansierande må difor avgjerast av kommunestyret gjennom vedtak.

5.1.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonsskjeldene – revisjonskriteria – som er nytta i denne rapporten, er fleire. Nedanfor er revisjonskriteria og problemstillingane (i følge tinginga) dei er knytte til, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?	Sjå H-2140 "Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester" kapittel 3.2 tilleggsytelser og støttefunksjoner (interntjenester).
Nr 2:	Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld?	Kommunale rekneskapsforskrifter og H-2140 kapittel 5 "Praktisering av selvkostprinsippet – Behandling av overskudd eller underskudd i selvkostregnskapet – bruk av fond side 29 og utover.
Nr 3	Er evt særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket?	Motteke skriftleg forklaring frå rådgjevar økonomi.
Nr 4	Vert utfakturerings av gebyra utført etter eit fast tidsmønster?	- Økonomireglement i Fjaler kommune - Mottatt skriftleg forklaring frå Rådgjevar økonomi

Tabell 1: Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium.

6 METODE

Vi føreset at vi i arbeidet med denne revisjonen har fått tilgang til all relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå kommunen er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomi- og personaldata og samtalar med m.a. einingsleiar for rekneskap og teknisk sjef. Vi har i tillegg nytta revisjonsvurderingar og notat henta frå oppdragsansvarleg revisor for kommunerekneskapet i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen så langt dei passar.

7 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Fjaler kommune er organisert med rådmann som øvste administrative leiar. Rådmannsteamet består av rådmannen og 3 rådgjevarar. I tillegg rapporterar kommunelegen direkte til rådmannen. Fjaler kommune er deltakar i fleire interkommunale samarbeid der mellom leiarane for HAFS barnevern og PPT er lokalisert til Fjaler kommune. Forutan desse har kommunen i følgje organisasjonskartet eigen leiar for sørviskontoret og 19 einingsleiarar. Desse 5 er den administrative toppleiargruppa i Fjaler kommune.

Viktige styringsdokument i kommunen er: Administrativt delegasjonsreglement, økonomireglement, handlingsplanane, finansreglement, etikkreglement, politisk delegasjonsreglement m.m.

Tenesteeiningane ved tenesteleiarane har sin mynde etter det administrative delegasjonsreglementet.

6.1 Budsjettansvar.

I økonomireglementet for Fjaler kommune punkt 5 Økonomistyring – budsjettkontroll vert det i punkt 5.2 fastslått at einingsleiarane har ansvar for budsjettkontroll for sitt ansvarsområdet. I punkt går 5.3 Budsjetttrapportering det fram at einingsleiarane har ansvaret for å legge fram budsjettkontrollrapport kvar tertial. Etter høvesvis 1. og 2. tertial skal einingsleiarane om naudsynt legge fram forslag til budsjettjusteringar. I økonomireglementet punkt 6 – Budsjettjusteringar står det at einingsleiarane innan eiga tenesteeining har disposisjonsrett på vedteke budsjett på hovudpostnivå. Einingsleiar har elles jf punkt 6 ansvar for å iverksetje naudsynte tiltak for å halde budsjettet. I det ligg det eit krav om at alle moglege tiltak i eininga skal vurderast før ein søker om ei tilleggsløyving.

I samband med rekneskapsavslutningsarbeidet ser vi av framlagt materiale at teknisk sjef i eit notat til rådgjevar økonomi fordelar løn på ansvar 600. Dette gjeld løn til administrativ leiing, vaktgodtgjering løn knytt til brannvesenet og plansakshandsaming, administrativt arbeid med gbyrlagde tenester og prosjektarbeid utført av tilsette ved teknisk kontor.

8 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1 lyder slik:

«Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm?»

7.1 Presisering

Problemstillinga slik ho står, må avklarast i høve dei faktorane og omgrepa som vert nytta i H- 2140. Vi vel å avgrense og operasjonalisere omgrepa i tinginga slik.

Indirekte kostnader:

Omgrepet er ikkje direkte nytta i retningslinene. Indirekte kostnader vert difor operasjonalisert til å omfatte delar av det som vert kalla for tilleggssytingar og støttefunksjonar etter retningslinene.

I og med at kommunane i Norge faktisk organiserer sine tenester forskjellig, er det ofte vanskeleg å definere klårt kva som er tilleggstenester og kva som er støttefunksjonar. Rettleiaren nyttar difor samleomgrepet *interntenester* på ovannemnde utgiftstypar.

Tilrådingar eller norm:

Vert operasjonalisert og fortolka etter innhaldet i H – 2140. Nærare presisert vil det seie at heile regelverket i utgangspunktet gjeld, men at dei delar av regelverket som er relevant for problemstillinga vil verte synt til og nytta som kriterium, i analysa.

8.1.1 Fakta: Dokumentasjonen frå kommunen.

I e-postar frå kommunen har vi fått overlevert styringsdokument som eininga har og som dei meiner er relevante i høve problemstillinga. Det inkluderar rekneark som er oppsett ganske likt forslaga til malar som står i rettleiaren.

Det vert i oversendt dokumentasjon synt til korleis Fjaler kommune fordelar støttefunksjonar og/eller tilleggsytingar. I dokumentasjonen frå kommunen vert kapitalkostnadane opplyst med opphavleg kostnad fråtrukke tilskot. Avskrivingsperioden er opplyst og det føreligg egne oppsett som syner historiske avskrivingar og restverdi på anlegga.

I grunnlagsdokumentasjonen frå Fjaler kommune er det oversikter henta frå rekneskapen og eigneproduserte oversikter som syner avskrivingsgrunnlaget for kontrollerte år. Det ligg også føre understøttande dokument i oversendt materiale frå administrasjonen, og desse vil verte handsama i rapporten der dei naturleg høyrer heime.

8.1.2 Tilleggsytingar og støttefunksjonar også kalla interntenester jf H - 2140

I «Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester», H – 2140 kan ein finne døme på aktivitetar som typisk kan inngå i eit sjølvkostrekneskap.

Desse døma med forklaringar er å finne frå side 13 og utover i rettleiaren. Dei døma som er spesifikt nevnt er: rekneskaps- og innfordringsfunksjon, kontorstøtte, revisjon, personalfunksjon, velferdstiltak overfor tilsette, sentral opplæring, kantinedrift, hustrykkeri, informasjonsteknologi både drift og opplæring, drift av sentralbord, og felles post- og teletenester, teknisk konsulent og hjelp ved prosjektering, juridisk bistand (kommuneadvokat) drift av felles maskinpark og bygningsdrift. I retningslinjene vert du gjort merksam på at dei opplista døma ikkje er absolutt uttømmende men er meint å skulle vere mest mogleg dekkjande. I rettleiaren vert det så vidare skissert korleis ein bør handtere funksjonane som inngår i interntenestene.

I Fjaler kommune vert støttefunksjonar/tilleggsytingar (også nemna indirekte kostnader eller interntenester) fordelt med ein fast sum. I skriv frå teknisk sjef vert det opplyst at utgiftene til støttefunksjonar og tilleggsytingar er sett til kr 50 000 på vassektoren og kr 50 000 på avlaup. Det går vidare fram av skrivet at kommunen ikkje har utarbeidd ei konkret sjølvkostberekning på tala, men at dei er fastsett etter skjønn. I desse summane ligg utgifter til fakturering/rekneskap, innfordring, revisjon, kontor, data, telefon og porto. I skrivet frå teknisk sjef vert det opplyst at kommunen inkluderar alle internkostnadar som er nemnd i H – 2140 i summane på kr 50 000.

Det vert vidare opplyst at kommunen ikkje har tal på gjennomsnittskostnad pr faktura inkludert utsending, rekneskapsførsel, innkrevjing og revisjon. Dei har difor ikkje spesifisert VA – sektoren sin del av desse kostnadane i sjølvkostrekneskapen. Desse kostandane er då heller ikkje medteke i sjølvkostrekneskapet. VA - kostnader knytt til dataprogrammet KomTek er ikkje spesifisert, og er difor ikkje medteke som utgift i sjølvkostrekneskapen. Det går fram av brevet at Fjaler kommune ikkje har eksakte fordelte sjølvkosttal på utgifter som ikkje elles er registrert etter medgått tid.

Funn:

- ❖ Fjaler kommune nyttar skjønn som grunnlag i fordelinga av henførbare interntenester. Det er ikkje framlagt etterprovbare fordelingsnøklar som dokumentasjon på nytta skjønnsfordeling.
- ❖ Administrative kostnader knytt til grunnlaga for fakturering og drift utført av tilsette på teknisk kontor vert utgiftsført etter medgått tid. Desse kostandane er soleis etterprovbare.

7.2 Vurderingar og konklusjonar

I dokumentasjonen frå kommunen går det fram at fordelingane som vert nytta på internkostnadane i stor grad baserer seg på tidsbruk og skjønn. Fordelingsnøklar som baserar seg på skjønn og som ikkje kan synleggjørast, eller på annan måte dokumenterast med etterprovbare storleikar, kan vi ikkje seie meir om enn at vi forutset at dei er basert på reell praksis. Det umiddelbare spørsmålet som då dukkar opp er om sjølvkostrekneskapen gjev eit rett bilete av dei faktiske kostnadane. Ikkje at vi trur at rekneskapen med dette skjønnet gjev eit vesentleg feil bilete av kostnadane, men at det kan stillast spørsmål med kor presist rekneskapen uttrykker historia i kroner og øre. I revisjonsterminologi er det særleg kravet om «fullstendighet» ein kan stille spørsmål om

I retningslinene (H-2140) kan ikkje vi sjå at eit skjønn i seg sjølv og åleine er lista som nok i høve dokumentasjonskrava til fordelingsnøklar. Slik vi ser det, er skjønn i lag med meir etterprovbare storleikar meir å tilrå. I retningslinene på side 13 til 17 er dei tilleggssytingar og støttefunksjonar som rettleiaren meiner er mest mogleg dekkjande for kommunale sjølvkosttenester opplista. For kvar av av desse funksjonane tilrår retningslinene fordelingsnøklar. Gjennomgåande for alle dei 14 opplista funksjonane er at fordelingsnøklane forhold og relaterer seg til direkte etterprovbare storleikar. Døme på fordelingsnøklar er jf retningslinene: Omsetning, areal, timeregistrering på aktivitetar, tal transaksjonar, årsverksverknad på funksjonen, andel tilsette, internfakturering osv.

Slik vi ser det er det ikkje positivt sagt at skjønn som ein del av ein fordelingsnøkkel er i strid med intensjonane i regelverket. Men vi kan ikkje ut i frå dei kriteria som er lagt til grunn for denne rapporten seie at skjønn åleine tilfredsstillar krava i H – 2140. Vi meiner difor at kommunen bør vurdere å ta ein gjennomgang av interntenestene i sjølvkostmodellen sin, og lage noko meir etterprovbare fordelingsnøklar på sine interntenester. I eit slikt arbeid vil vi tilrå å lage fordelingsnøklar som er enkle å vedlikehalde, og som lett kan redigerast om kommunen gjer organisasjonsendringar. I den samanheng tilrår vi å sjå på dei døma retningslinene skisserar på side 13 og utover.

Konklusjon: Skjønn åleine som nøkkel for fordeling av interntenester (tilleggsytingar og støttefunksjonar) er ikkje nok til å stette dei tilrådingane som er skissert i H – 2140.

Tilråding: Vi rår kommunen til å gjere ein gjennomgang av interntenestene i sjølvkostrekneskapen med målsetting om å lage etterprovbare fordelingsnøklar meir i samsvar med tilrådingane i H – 2140.

9 PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 2:

”Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld?”

8.1 Fakta

Nytta metode til denne problemstillinga.

Vi har i samband med denne forvaltningsrevisjonen nytta resultat, funn og vurderingar gjort av rekneskapsrevisor i årsavslutningsrevisjonen på sjølvkostfonda. I praksis har vi sett etter om eit eventuelt overskot eller underskot på sjølvkostrekneskapa har vorte ført mot rett fondskonti i balanserekneskapen. Gjennomgangen av spørsmålet er praktisk utført av kommunerevisor I i samband med årsavslutningsrevisjonen. I det arbeidet vert det elles også kontrollert om sjølvkostfonda, som i rekneskapsterminologi er bundne driftsfond, vert utlikna over ein tre- til femårsperiode i samsvar med rekneskapsreglane for sjølvkostrekneskap.

Kontroll av avsett og bruk på sjølvkostfond for 2008, 2009, 2010 og 2011.

Som ein lekk i årsavslutningsrevisjonen på årsrekneskapen vert alle fond gjennomgått og kontrollert av rekneskapsrevisor. Vi har difor nytta konklusjonane til i rekneskapsrevisjonen som vår kontroll av denne problemstillinga i dette prosjektet. Gjennomgåande for dei kontrollerte åra er at desse bundne driftsfonda er korrekt oppsett. Det tyder at avsetning og bruk stemmer med IB og UB for perioden. Gjennom desse åra har saldo på fondet vorte kraftig redusert. Frå å ha hatt ein saldo på kr 1.169345 pr 01012008 til ein negativ saldo pr 31122011 på kr 227.354

Når det gjeld sjølvkostfond for renovasjonstenestene vert det synt til Sunnfjord Miljøverk, som er kommunen sin renovasjonsbedrift organisert som eit IKS. I deira rekneskap er sjølvkostfondet for hushaldningsavfallet i eigarkommunane registrert.

Sjølvkostfondet i Fjaler kommune.

I arbeidet med problemstillinga fann vi raskt ut at Fjaler kommune ikkje har oppretta egne sjølvkostfond for dei forskjellige sektorane og tenestene som vert omfatta av reglane om sjølvkost som øvste grense for brukarbetaling. Det er altså ikkje oppretta egne sjølvkostfond for henholdsvis vatn og kloakk.

Reint faktisk indikerar det at kommunen ikkje kan dokumentere at tenestene vatn og kloakk kvar for seg er korrekt prisa i høve kundane. I høve forureiningsforskrifta § 16-1 første ledd er ein slik praktisering av sjølvkostreglane feil. Avsetning til og bruk av dei sektorspesifikke sjølvkostfonda er ein føresetnad for over tid sjå til at innbyggjarane betalar rett pris for vassleveransane og avlaupstenestene sine. Når dette ikkje er gjort, er det uoversiktleg å finne ut om den einskilte teneste har vore korrekt prisa når ein ser meir på meir enn inneverande rekneskapsår.

Nye opplysningar tilkome oss i samband med at rapporten har vore på høyring

I attendemeldinga frå rådmannen vert det opplyst at kommunen no har splitta sjølvkostfonda. Kontrollen av IB på dei splitta fonda vil verte gjenstand for kontroll frå rekneskapsrevisor.

Funn:

- Fjaler kommune har ikkje pr 2012 oppretta egne tenestespesifikke sjølvkostfond for vatn og avlaup.
- Det er elles samsvar mellom IB og UB på sjølvkostfondet.

8.2 Vurderingar og konklusjonar

Vi meiner at mangelen på sjølvkostfond for dei einskilte tenestene strir mot forureiningsforskrifta § 16-1. Det er slik vi har fått opplyst oppretta i 2013 rekneskapen. Det er etter vårt syn både korrekt og på sin plass. Det rettslege utgangspunktet for all forvaltningsverksemd er at ingen innbyggjar kan verte pålagt å yte noko til fellesskapen utan at det er heimla i lov (legalitetsprinsippet). Når det gjeld tenestene som er kontrollert i dette prosjektet er desse yt av kommunen som ein service til innbyggjarane utan at dei er pålagt det i lov. Men i og med at kommunen er i ein monopolosituasjon i sin produksjon av desse tenestene, må drifta av tenestene følgje vanlege forvaltningsmessige prinsipper.

Konklusjon: Fjaler kommune har ved kontrolltidspunktet ikkje oppretta separate sjølvkostfond for vatn og avlaup. Det er ikkje i samsvar med reglane i forureiningsforskrifta § 16-1.

Bruk og avsetning til sjølvkostfondet er elles korrekt med omsyn til IB og UB for dei kontrollerte år.

Tilråding:

Fjaler kommune må opprette sjølvkostfond for dei tenester som vert omfatta av sjølvkostreglane.

10 PROBLEMSTILLING 3: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 3:

Er evt. særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket?

9.1 Fakta

Vi tok kontakt med rekneskapsavdelinga i form av e-post og telefon for å få svar på spørsmålet. I attendemeldinga frå rekneskapsavdelinga får vi eit klårt og tydeleg svar: «Det er ingen som pr. i dag har særavtalar på vatn/ kloakk i Fjaler kommune.

Med dette svaret er det klårt at alle kundar i Fjaler kommune skal betale full pris for avløp og vatn.

Konklusjon: Det er ikkje vedteke eigne tariffar eller gebyrsatsar for einskildpersonar eller grupper i Fjaler kommune.

11 PROBLEMSTILLING 4: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 4 Vert utfakturering av gebyra utført etter eit fast tidsmønster?

11.1.1

11.1.2 Metodisk tilnærming

For å svare på problemstillinga har vi i tillegg til e-postførespurnad også sjekka økonomireglementet for Fjaler kommune. Når dei konkrete kriteria er utleia derfrå vert desse nytta i arbeidet med å sjekke sjølve utfaktureringa. Vi har som ein konsekvens av det, tatt kopi av utkøyrt fakturaer og bedt om skriftleg attendemelding på våre spørsmål frå rekneskapseininga. Desse dokumenta og prova frå rekneskapsavdelinga er analysert og vurdert i høve problemstillinga.

11.1.3 Relevante rutinar henta frå økonomireglementet

I økonomireglementet kapittel 8 «Innkrevjing av kommunale krav» er dei rutiner kommune har vedteke i høve fakturering å finne. Økonomireglementet vart i så måte vedteke i k.-sak 15/00, sist endra i k-sak 20/12 den 19.3.2012.. Vi har trekt ut dei mest relevante rutinene i høve problemstillinga, og vil skildre dei i det følgjande.

11.1.4 Utsending av rekningar

I økonomireglementet punkt 8.1 går det fram at tenesteeiningane sjølve har ansvaret for å utarbeide grunnlaget for fakturering. Krav for kommunale tenester skal skje maskinelt via programma i økonomisystemet. Sørviskontoret står for faktureringa. Det går vidare fram av reglementet at rekningar som hovudregel skal sendast kvar månad, kvartalsvis eller to gonger pr år. Kommunale avgifter, som i 2012 vart fakturert to gonger i året, vert frå 2013 fakturert fire gonger i året.. Denne endringa vert i e-post til oss grunngjeve med at administrasjonen ser at etter at eigedomsskatten vart innført i Fjaler kommune, vart fakturasum veldig stort for mange kundar. Kommunen har fått tilbakemelding frå fleire kundar som meiner at summane burde fordelast på fire terminar, istadenfor to.

I punkt 8.3 vert rutinene for *kommunale avgifter* med utpantingsrett skildra. I 8.3.1 står det at kommunale gebyr har ein frist på 20 dagar frå fakturadato.

Vi har i vårt kontrollarbeid fått køyrt ut ei kundeliste på eit utval av kundar og vi har også fått tilsendt kopiar av utkøyrt fakturaer på kommunale avgifter på utvalde kundar. I vår førespurnad til

kommunen om fakturakopi, bad vi om døme på kundar som har fått purringar og eventuelt om det har vore kundar der kravet har gått til inkasso.

Første kontrollpunkt har vore å kontrollere om fakturadato og forfallsdato samsvarar med økonomireglementet sitt vilkår om 20 dagars frist.

Funn

Det vert i dei døma vi har kontrollert gjeve ein betalingsfrist på 23 dagar. Faktura syner fakturadato 23.10.12 og forfallsdato 15.11.12. Dette er 3 dagar lenger betalingsfrist enn økonomireglementet punkt 8.3.1 seier.

Purring og tvangsinnfordring

I punkt 8.3.2 framgår det at Sørviskontoret er ansvarleg for oppfølging av faktura som ikkje vert betalt rettidiq. Kunden vert purra 2 gonger før kravet vert oversendt inkasso. Vi har pr e-post spurt om det er laga skriftlege rutiner som kompletterer økonomireglementet når det gjeld kommunal fakturering. Det er det ikkje, jf svaret frå kommunen.

Vi har difor bedt om og fått tilsendt kopiar av faktura som har vorte purra og oversendt inkasso.

I dei tre tilhøva vi har kontrollert i denne revisjonen, vert debitorane fyrstegongspurra ein knapp månad etter forfall på rekninga. Vi kan ikkje sjå at fyrstegongspurringa vert tillagt forseinkingsrente. I økonomireglementet punkt 8.3.2 står det sitat: *Gjeldande forseinkingsrente vert lagt til ved for sein betaling* – sitat slutt.

Fyrstegongspurringa vert gitt ein betalingsfrist på 14 dagar.

Andregongspurringa eller § 4-18³ varselet, er sendt debitor 15 dagar etter betalingsfristen på fyrstegongspurringa. Andregongspurringa er gjeve ein betalingsfrist på nye 14 dagar. I denne purringa vert debitor gjort merksam på at uteståande går til tvangsfullbyrding om kravet med renter og kostnader ikkje vert oppgjort innan 14 dagar frå datoen varselet vart sendt.

Vi registrerar at heller ikkje andregongspurringa er tillagt forseinkingsrenter og administrative kostander. Viser i så måte igjen til økonomireglementet punkt 8.3.2, der det står at gjeldande forseinkingsrente skal leggst til ved for sein betaling.

Vi har bedt om og fått oversendt døme på debitorar der kravet har gått til inkasso. Fjaler kommune nyttar firma Kreditorforeningen Vest som sin inkassator.

Vi kan heller ikkje i kvitteringa frå Kreditorforeningen Vest til Fjaler kommune sjå at kommunen har lagt til forseinkingsrenter og andre tilleggskostnader. Det er ikkje i samsvar med økonomireglementet punkt 8.3.2.

Funn

Det er ikkje tillagt forseinkingsrenter eller administrative kostnader på dei debitorane som har vorte purra og som har vorte sendt over til tvangsinnfordring. Det er ikkje i samsvar med økonomireglement punkt 8.3.2.

10.2 Vurdering og konklusjonar

Eit utgangspunkt for å vurdere korleis kommunen i praktisk arbeid etterlev sine eigne rutiner, kan vere å sjå til arbeidet og vurderingane gjort i rekneskapsrevisjonen. Slik vi les revisjonsmeldinga er det ikkje vesentleg merknader til innfordringa eller kommunal fakturering. Det i seg sjølv er betryggande.

Når det gjeld det faktum at kundane i dei kontrollerte tilfella får tilstått 3 dagar lengre betalingsfrist enn økonomireglementet, meiner vi at dette isolert ikkje er ein stor feil. Men det er ikkje i samsvar med det politisk vedtekne økonomireglementet, og vi ser ikkje nokon grunn til at kommunen ikkje skulle kunne lage forfallsdatoen på gebyra i samsvar med reglementet. Eit moment i den samanheng,

³ Viser til lov om tvansfullbyrdselse § 4-18 som i 1. setning i 1. ledd seier: *Et særlig tvangsgrunnlag kan begjæres tvangsfullbyrdsen når to uker er gått etter at saksøkeren har sendt skriftlig varsel til saksøkte*

er at kommunen tapar 3 dagars renteinntekter ved å tilstå kundane lener betalingsfrist enn kva økonomireglementer seier.

På dei purrefakturaene vi har fått kopi av, kan vi ikkje sjå at det vert tillagt forseinkingsrenter og/eller administrative kostnader. Det er slik vi ser det ikkje i samsvar med økonomireglementet punkt 8.3.2. Når kommunen ikkje krev inn rettmessige renter, taper dei inntekter. Vi meiner også at det å ikkje krevje forseinkingsrenter kan vere med på å svekke betalingsmoralen i kommunen. Det kan få vidare konsekvenser for kommunen om kundane ser dette, og byrjer å spekulere i å utsette kommunale krav. Det er difor viktig slik vi ser det, at kommunen faktisk krev forseinkingsrenter, når situasjonen og reglementet krev det.

Konklusjon

Fjaler kommune fakturerar sine kundar etter eit fast tidsmønster i samsvar med økonomireglementet. Fjaler kommune tilstår sine kundar 3 dagar lenger betalingsfrist enn det som er vedteke i økonomireglementet.

Fjaler kommune har i dei kontrollerte tilfella ikkje tillagt forseinkingsrente og administrative kostander på purrekrav.

Tilråding:

Vi rår administrasjonen å legge til forseinkingsrenter på purringar i tråd med økonomireglementet punkt 8.3.2.

Vi rår administrasjonen til å etterleve økonomireglementet punkt 8.3.1 som seier at kommunale gebyr har ein betalingsfrist på 20 dagar frå fakturadato.

Førde 13.mai 2013


Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning

12 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL RAPPORTEN

KRYSS – Revisjon har i ein e-postekspedisjon frå rådmannen fått desse kommentarane til rapporten: «Eg tykkjer dette gir eit rett bilete av situasjonen når det gjeld indirekte kostnader føring av fonda. Splitting av fonda er allereie gjort, og «nøkkel» for indirekte kostnader må vi få til frå 2014. Elles kan eg nemne at felles VA-fond var +kr 420.255.- ved utgangen av 2012.»

13 KJELDER

	Forureiningslova
	Kommunelova
	Lov om kommunale vass og kloakkavgifter av 31.05.1974
H - 2140	Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester
	Revisjonsmelding årsrekneskapen 2011, 2012
	Økonomireglement for Fjaler kommune, vedtatt i k-sak 15/00, sist endra i k-sak 20/12.

14 UPUBLISERTE VEDLEGG:

H – 2140	Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester
Sjølvkost Fjaler	Reknearka som ligg til grunn for sjølvkostnota i årsrekneskapen
	Diverse e-postkorrespondanse mellom kommune og revisor

021/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.09.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Forslag til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Rutinar rundt sjukefråvær»

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 05/13 – Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Tinginga for prosjektet ”Rutinar rundt sjukefråvær” vert godkjent.
- Tingsingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.
- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR -TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt «Rutinar rundt sjukefråvær»

Saksopplysningar:

Det vart i 2012 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon. I kontrollutvalsmøte 29.11.2012 i sak 028/12 "Plan for forvaltningsrevisjon – Fjaler kommune" gjorde kontrollutvalet tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon med prioritert oppsett av prosjekt. I Vedtak i kommunestyresak 112/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015 godkjente kommunestyret planen.

I planen er prosjektet «Rutinar rundt sjukefråvær» valt som 1. prioritet.

I kontrollutvalsmøte 12.02.13 i sak 005/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt gjorde kontrollutvalet ei vurdering av om ein skulle starte forvaltningsrevisjonsprosjektet «Rutinar rundt sjukefråvær».

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KRYSS-revisjon, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga. KRYSS-revisjon vil bli kalla inn til møtet for å diskutere prosjektet.

SEKOM-sekretariat har også utarbeidd ein mal som vi ynskjer å nytte når vi tingar oppdrag. Sjå tingsingsdokumentet.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til KRYSS-revisjon.
- Tilbakemelding frå KRYSS-revisjon vedr. tingsingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KRYSS-revisjon i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KRYSS.
- Levering av prosjekt KRYSS til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av bystyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

KRYSS-revisjon

6800 FØRDE

Førde 16.09.2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT ” RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR” FJALER KOMMUNE

Prosjektnamn

Rutinar kring sjukefråvær – Fjaler kommune

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I sak 28/12 ”Plan for forvaltningsrevisjon – Fjaler kommune 2012 - 2015” den 29.11.2012 gav kontrollutvalet tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Planen vart vedteken i samsvar med kontrollutvalet si tilråding i kommunestyret 17.12.2012 i sak 112/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Fjaler kommune ynskjer å få kjennskap til om rutinar rundt sjukefråvær er i samsvarar med gjeldande regelverk.

Avgrensing av undersøkinga

Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rutinane i 2013 - 2014

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- Kor høgt er totalt sjukefråvær?
- Kva er fordelinga mellom korttids- og langtidssjukefråvær?
- Kva er netto kostnadene i samband med det registrerte sjukefråværet?
- Er Fjaler kommune ein IA kommune?
- Følgje Fjaler kommune sine egne rutinar rundt sjukefråvær?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.

Overordnaanalyse 2012 – 2016.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.
RSK001.

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 01. november 2014.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 21/13 den 16.09.2013

Magne Norddal
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	951 39 762 VØ 57 61 27 86 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

022/13 ORIENTERING OM SEKTOR FOR OPPVEKST

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.09.2013	022/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Fjaler kommune – «Orientering om sektor for oppvekst», datert 28.05.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 014/13 «Val av eining til orientering i kontrollutvalet»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmann vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM SEKTOR FOR OPPVEKST

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om sektor for oppvekst generelt og deira oppgåver.

Saksopplysningar:

- I Kontrollutvalssak 014/13 «Val av eining til orientering i kontrollutvalet» i kontrollutvalsmøte 28.05.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak.

- Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om sektor for oppvekst.

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev 28.05.2013

Aktuelle tema kan til dømes vere sektoren sine oppgåver, regelverk og retningslinjer sektoren skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for sektoren og særskilte utfordringar sektoren står overfor internt og eksternt

Rådmanne er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Fjaler kommune
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Førde, 28.05.13

Dykkar ref.: Vår ref: Vø Jnr.: 193/13 Arkiv: Fjaler

ORIENTERING OM SEKTOR FOR OPPVEKST

Kontrollutvalet i Fjaler heldt møte 28.05.13. Under sak 014/13 «Val av eining til orientering i kontrollutvalet» vart det gjort følgjande vedtak:


- *Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om sektor for oppvekst.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om sektor for oppvekst. Aktuelle tema kan til dømes vere sektoren sine oppgåver, regelverk og retningslinjer sektoren skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for sektoren og særskilte utfordringar sektoren står overfor internt og eksternt.

Innkalling til møtet vil bli sendt dykk omtrent ei veke før møtet.

Neste møte i kontrollutvalet i Fjaler skal etter planen finne stad 16.09.2013.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

023/13 BUDSJETT 2014 – DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM-sekretariat
Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	16.09.2013	023/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Kommunestyrevedtak 097/12 «Godtgjersle til folkevalde og politiske parti – Justering av reglement».

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement for godtgjersle til folkevalde i Fjaler kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for ”Drift av kontrollutval”.

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	kr.	2.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	kr.	16.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	kr.	1.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	kr.	9.000,-
Konto 11959 Kontingentar	kr.	1.100,-
Telefon	kr.	1.500,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>kr.</u>	<u>30.600,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2014 – DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Fjaler kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle

Køyregodtgjersle.

Tapt arbeidsforteneste

Møtegodtgjersle

Arbeidsgjevaravgift

Kurs/seminar

Kontingentar

Andre utgifter

- Nytt reglement for godtgjersle til folkevalde i Fjaler var til handsaming i kommunestyret i sak 067/11 den 05.09.2011. Reglementet skal være gjeldande frå 01.10.2011. Reglementet vart justert i Kommunestyrevedtak 097/12 «Godtgjersle til folkevalde og politiske parti – Justering av reglement».

For kontrollutvalet i Fjaler gjeld følgjande satsar.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste:
 - Ulegitimert kr. 160,- pr. time inntil kr. 1.600,-.
 - Legitimert etter dokumentasjon avgrensa oppover til ordførar si dagløn.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar kr. 590,- pr. møte + tillegg 400,- pr. møte.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet kr. 590,- pr. møte.

Fjaler kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariatstenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I FJALER KOMMUNE 2014

Køregodtgjersle	1000	$(5 \cdot 4,05 \cdot 10)$	
Kostgodtgjersle	1000		
Tapt arbeidsforteneste	7000	$((3 \cdot 160) \cdot 3) \cdot 1,12$	feriepengar 4 møter
Møtegodtgjersle	9000	$((4 \cdot 590) \cdot 3) + (4 \cdot 400)$	8950
Arbeidsgjevaravgift	1000	10,6% av tapt arb.fort.	
Kurs/seminar	9000		
Kontingent FKT	1100		
Telefongodtgjersle	1500		
Diverse	0		
Drift	30600		



Godtgjersle til folkevalde og politiske parti - justering av reglement

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 12.11.2012	Saksnr 097/12	Saksansvarleg AHE
Arkivsaknr 09/1112	Sakshandsamar Arve Helle	Arkiv K1-082	

ORDFØRAREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek endringar i godtgjersle til folkevalde og politiske parti slik det går fram av saksutgreiinga.

12.11.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Endringsramlegg frå (AP) v/Nina Yndestad:

Pkt 3.1 siste setning.

Ordførargodtgjersla vert sett til 85% av stortingsgodtgjersla med verknad frå 01.01.13.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak m/AP sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-097/12 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek endringar i godtgjersle til folkevalde og politiske parti slik det går fram av saksutgreiinga.

Pkt 3.1 siste setning.

Ordførargodtgjersla vert sett til 85% av stortingsgodtgjersla med verknad frå 01.01.13.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
13	X	06.09.2011		Reglement for godtgjersle til folkevalde og politiske parti

Ikkje trykte vedlegg i saka

SAKSUTGREIING:

Det avtroppande kommunestyret vedtok i tråd med kommunelova reglement for godtgjersle for folkevalde i inneverande periode.

Ein har i ettertid oppdaga at reglementet inneheld nokre punkt som bør presiserast.

Eg føreslår difor at ein endrar følgjande punkt (endring i utheva kursiv):

3.1 Ordførar

Ordførarvervet vert godtgjort som heiltidsverv. Godtgjersle skal tilsvare statleg lønsregulativ 75 – for tida kr 638.200.

3.2 Ordførar og styreverv

Dersom ordførar med bakgrunn i sitt verv som ordførar har styreverv som i godtgjersle utgjør meir enn **brutto** kr. 50 000 i året, vert det overskytande trekt frå ordførargodtgjersla.

Grunngjeving:

Det bør presiserast at ordførarvervet er eit heiltidsverv. Så lenge kommunestyret meiner det, så treng ein heller ikkje å ha med eit punkt om deltidsverv. Skulle det av ulike grunnar vere aktuelt i løpet av perioden må det søkast kommunestyret om.

Når det gjeld styreverv som følgje av ordførarvervet syns eg det er greitt å presisere at det er brutto inntekt vi snakkar om.

Ordførargodtgjersla har vore drøfta i formannskapet. I reglementet for inneverande periode vart det vedteke at ordføraren skal plasserast i statleg lønsregulativ 75. Det har den konsekvens at justering av godtgjersla ikkje følgjer dei ordinære lønsoppgjera sidan ein ikkje får med dei tillegg ein vanleg arbeidstakar får som følgje av det lokale forhandlingar gjev. I 2012 vil ordførargodtgjersla auke med 2,7%, medan snittet for statleg sektor var 4,1%. I førre periode var ordførargodtgjersla knytt opp til stortingrepresentantane si godtgjersle; ei ordning som stadig fleire kommunane no brukar. Eg syns ikkje det er rett av meg å føreslå justering av dette punktet, så det let eg vere opp til kommunestyret å eventuelt gjere.

3.4 Møtegodtgjersle

Er differensiert i to trinn med høge og låge satsar alt etter arbeidsbelastning i utvalet.

Høg sats, kr 590,- pr møte:

Medlemmer i formannskap, kommunestyre, kontrollutval, adm.utval, fast byggenemnd, leiarar i nemnder og adhocutval.

Låg sats kr 400,- pr møte

Medlemmer av andre råd, nemnder og utval

Kr 400,- pr møte i tillegg for leiarar i kontrollutval, adm.utval og fast byggenemnd

Leiar av overformynderiet: fast årleg godtgjersle 2% av ordførargodtgjersla

Møtegodtgjersle skal årleg regulerast i samsvar med ordførar si godtgjersle (***verknadsdato 1. januar påfølgjande årsskifte***). Avrundast til næraste 10 kroner.

Det vert ikkje gitt særskild møtegodtgjersle for formannskapsmøte under 2 timar i tilknytning til kommunestyremøte.

Rett til særskilt møtegodtgjersle har heller ikkje medlemmer av utval/ komitear som held korte møte direkte knytt til kommunestyre-/formannskapsmøte.

Grunngjeving:

Sidan mange folkevalde leverer rekning halvårleg eller fortløpande vert justering av møtegodtgjerslene midt i året, representerer dette eit omfattande arbeid for administrasjonen. Samstundes utgjer det svært små beløp for den enkelte.

Det blir difor langt enklare om ein nyttar 1. januar som verknadsdato i staden for 1.mai.

4.2 Ulegitimert tap

av arbeidsinntekt vert gitt til sjølvstendig næringsdrivande og heimearbeidande.

Arbeidstakarar som er oppsett på nattevakt i turnus før møte har rett til kompensasjon dersom ein ikkje har hatt høve til å endre/byte vakt. ***Dette gjeld også dei som skal jobbe ettermiddagsvakt på møtedagen dersom møta varer utover 4 timar .***

Skal det gjerast unntak frå dette (grunna t.d sein møtestart) skal dette godkjennast av ordførar.

Her pliktar arbeidstakar å gjere avtale med ordføraren på førehand utfrå stipulert møtetid.

Ulegitimert tap vert dekket med kr 160,- pr time, medrekna reisetid. Inntil kr 1 600,- pr dag.

Grunngjeving:

Slik reglementet er utforma no kan det tolkast som om ein arbeidstakar i turnus har rett på kompensasjon dersom ein skal på ettermiddagsvakt på møtedag.

Eg meiner dette må regulerast av møta si varigheit og føreslår ei grense på 4 timar før ein har rett på kompensasjon.

Det vil vere urimeleg dersom t.d eit møte på ein time på føremiddagen skal gje rett på fri frå ettermiddagsvakta.

Det er sjølvstendig vanskeleg å vite nøyaktig kor lenge eit møte vil vare, men i dei fleste tilfelle vil ein i samråd med ordføraren kunne stipulere det.

7. Telefongodtgjersle

Folkevalde får godtgjersle for telefon og breiband etter følgjande regulativ:

<i>Varaordførar</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Formannskapsmedlemer</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i kontrollutval</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i administrasjonsutval</i>	<i>1500 kr</i>
<i>Leiar i overformynderi</i>	<i>1500 kr</i>

<i>Leiar i eldreråd</i>	<i>500 kr</i>
<i>Ordførar i UK</i>	<i>500 kr</i>

Ingen kan motta meir enn ei godtgjersle pr år.

Grunngjeving:

Tidlegare har ein fått dekket ei abonnementsavgift for fasttelefon. I dag er det få som har fasttelefon, og i staden er det mobiltelefon og breiband som er dei viktigaste hjelpemidla. Eg meiner det er ryddigare heller å betale ut ei godtgjersle for bruk av mobiltelefon og breiband i samband med vervet som folkevald.

Eg føreslår også å ta vekk denne godtgjersla til ordførar då den allereie er regulert i punkt 7.2.

12.2 Økonomisk støtte til partia

Kommunestyret løyver kommunale midlar til dei politiske partia som til ei kvar tid er representerte i kommunestyret. Dette som eit tillegg til det fylkesmannen betalar ut.

Kommunal støtte:

kr. 5.000 pr politisk parti

kr. 700 pr kommunestyremedlem.

Den kommunale støtta vert betalt ut i januar kvart år.

Grunngjeving:

Normalt har denne støtta blitt betalt ut i november. Eg føreslår at utbetaling skjer i januar då partia normalt har utgifter knytta til reise og opphald på fylkesårsmøte i februar/mars.

024/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	16.09.2013	024/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Fjaler.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 Fjaler vert teken til vitande

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 28. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Fjaler.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Fjaler kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
23/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	06.11.09		06.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 06.11.09 Brev til Fjaler kommune - Orientering frå adm -tilsynsrapportar frå fylkesmannen -tertialrapportar -rapportar sjukefråvær -orientering frå revisor -kvalitetsrapportar vedr revisor.
020/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkostberekningar – VAR sektoren – tinging.	16.11.11		16.11.11 Vedtak KU: Tinginga for prosjektet "Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren" vert godkjent. - Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. - KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 17.11.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon.
023/12 Oppfølging av fv prsj Sjølvkostberekningar VAR sektoren	17.09.12		17.09.12 – Vedtak KU - - Kontrollutvalet ber Sekom sekretariat hente inn status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. 17.09.12 E-post til KRYSS 18.09.12 Svar frå Kryss 29.11.12 Prosjektplan lagt fram som SM 23-12. 12.02.13 E-post til KRYSS 12.02.13 Svar frå KRYSS 12.05.13 E-post til KRYSS 12.05.13 Svar frå KRYSS
005/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: "Rutinar kring sjukefråvær» SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
008/13 Oppfølgingsliste 1-2013	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på kva tid rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" vert levert. - Kontrollutvalet skal i neste møte diskutere kva eining dei skal kalle inn til orientering i møtet i september.
Mulig forvaltn. revisjonsprosj.			Sjå på eigarskapen i selskap.

010/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
011/13 Skriv og meldingar.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Fjaler kommune	28.05.13		28.05.13 Sendt fråsegn til formannskap og kommunestyret.
013/13 rekneskap 2012 – Dingemoen idrettspark driftsselskap.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: - Vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon 24.04.13. - Kontrollutvalet vurderer det slik at årsrekneskapen 2012 bør godkjennast slik han ligg føre. 28.05.13 Saka sendt til formannskap og kommunestyret.
014/13 Val av eining til orientering i kontrollutvalet	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om sektor for oppvekst. 28.05.13 Brev til rådmannen.
015/13 Utforming av tilnging – Forvaltningsrevisjonsprioritet – Rutinar rundt sjukefråvær.	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet vedtek å utsette saka.
016/13 Oppfølgingsliste 2-2013	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 2-2013 Fjaler vert godkjent.
017/13 Eventuelt	28.05.13		28.05.13 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 28.05.2013.

025/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	16.09.2013	025/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.